

Reguleringsføresegner for Reguleringsplan for Hundurane, Skjolden Luster kommune

Plan-ID 2020012 Arkivsak 21/1523

Til offentleg ettersyn

Føresegner i samsvar med plan- og bygningslova § 12-5.

Føresegne hører til plankart for området datert 07.10.2021 etter 1. gongs handsaming av planen og gjeld for det området som er vist med plangrense.

1 Reguleringsføremål

Bygg og anlegg (Pbl. §12-5. Nr 1)

- Masseuttak (1201)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (Pbl. §12-5. Nr 2)

- Køyreveg (2011)

Landbruks-, natur- og friluftsføremål, samt reindrift (Pbl. §12-5. Nr 5)

- LNFR (5100)

Omsynssone (pbl. § 12-6)

- Frisiktsone (140)
- Fareområde – skred (310)
- Sikringssone veg (130)

2 Felles føresegner

2.1 Utforming av tiltak

2.1.1 Alle inngrep skal planleggast og utførast slik at skadeverknadene på natur og landskap blir minimert. Det skal sikrast ei kantsone med vegetasjon langs føremålgrensene.

Uttaket skal fylge ein etappeinndelt driftsplan godkjent av Direktoratet for mineralforvaltning.

Driftsplanen skal til ein kvar tid være godkjent av Direktoratet og skal vanlegvis ajourførast kvart 5. år eller etter nærmere avtale med Direktoratet.

2.2 Driftstider

2.2.1 Driftstid i anlegget er kl. 07.00-16.00 på kvardagar, måndag - fredag, med høve for lasting av stein og ferdigvare fram til kl. 19.00. Laurdag er det høve med transport og lasting av massar kl. 08.00-16.00. Boring og unntaksvis sprenging er berre tillate måndag - fredag kl. 07.00-16.00. Drift er ikkje tillat søndag og helgedagar. Full stopp 2 månader i samband med sommarferien og i romjul og påskeveka.

2.3 Rekkefølge

2.3.1 Før igangsetting av steinuttak skal avkøryselen inn til planområdet opparbeidast. Utforming og sikt-forhold skal tilfredsstille Statens vegvesen sine krav.

2.3.2 Ved fylling av stein og uttak av masser i BSM1 skal det til ein kvar tid være fungerande tiltak for å handtere overvann frå lager- og produksjonsområdet slik at områda rundt ikkje blir tilført skadeleg avrenning, jfr. pkt. 3.1.1.

2.3.3 Voll for støyskjerming og visuell skjerming må være etablert og fungerande til ein kvar tid mot veg, før uttak av stein og massar kan finne stad, jfr. pkt. 3.1.1.

2.3.5 Etter kvart som uttak er ferdig, skal skrått terrenget revegeterast. Etter at steinmassane i hele uttaket er utnytta, skal det ryddast opp, og området skal setjast i stand til LNFR-formål, jfr også pkt. 3.1.1 og pkt. 3.3

3. Arealføremål

3.1 Bygg og anlegg. Masseuttak (1201)

3.1.1 Område for masseuttak (1201)

Område BSM1 er regulert til masseuttak.

Saman med rammeløyve/ byggesøknad for tiltaket skal det leverast inn kart/ illustrasjonsplan som viser plassering av voll som skjermar innsyn og lyd, plassering av drensrøpfer og eventuelt sedementeringsdam, plassering av sikringstiltak, interne vregar, dei forskjellige driftsetappane det vert søkt om, avslutning og revegetering av planområdet, samt plassering av andre aktuelle element.

For å skjerme mot støy og innsyn skal det etablerast voll med tilstrekkeleg høgde.

Voll ved mellomlagringsområdet skal stellast til på en landskapsmessig forsvarleg måte.

Overvatn og sigevatn frå området skal handterast. For å redusere miljøpåverknaden for nærliggjande område skal fylgjande tiltak etablerast:

- Avskjærande grøfter for oppsamling og bortleding av overvatn rundt masseuttaket.
- Vurdere løpende behov for sedimenteringsbasseng under heile driftsperioden.

I området er det tillate med mellombels etablering av anlegg som er naudsynt for drifta, inkludert transportband, siloanlegg, oppstillingsplassar for køyretøy og utstyr og liknande. Alle bygningsmessige anlegg krev søknad i samsvar med plan og bygningslova og tilhøyrande forskrifter. I driftsperioden skal dei delane av masselageret og masseuttaket som kan medføre fare for menneske eller husdyr, vera forsvarleg sikra.

Området skal setjast i stand fortløpende etter som drifta av deler av massedeponiet eller masseuttaket er avslutta.

Tiltakshaver må rette seg etter følgjande krav med omsyn til forureining:

Støv

Støvflukt frå anlegget skal avgrensast ved bruk av vatning.

Tiltak for støvflukt skal setjast i verk umiddelbart dersom det oppstår støvflukt frå anlegget som er til skade og sjenanse for naboar og/eller fjorden.

Nedfallsstøv frå lagring eller produksjon målt ved grensa av reguleringsformålet skal ikkje på noko tidspunkt overstige 5 g/m² pr. 30 døgn.

Støy

Det skal gjerast oppfølging av støynivå undervegs, ved behov.

Til vatn

Det skal gjennomførast naudsynste tiltak for å hindre at avrenning og sediment fra steinuttak blir ført ut av planområde. Dimensjonering av eventuelt sedimenteringsbasseng skal skje ut fra førekommne mengder vatn. Avskjæringsgrøft over tiltaket skal oppretthaldast.

Plan for behandling av avrenning skal godkjennast av kommunen.

Avsluttande arbeid

Området regulert til uttak av stein skal etter avslutta uttak revegeterast og nyttast til LNFR (Landbruk-, natur- og friluftsformål samt reindrift) område. Alle istandsettingsarbeider skal gjennomførast innan eit år etter at feltet er ferdigdrevet. Heimelshavar er ansvarlig for dette. Drifta skal være avslutta og området skal være revegetert og rydda seinast 10 år etter at reguleringsplanen er vedtatt.

3.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (2011)

3.2.1 Køyreveg (2011)

SKV er regulert til køyreveg. SKV skal opparbeidast som vist på plankartet i samsvar med tekniske planar godkjent av rette myndighet og i samsvar med Håndbok N100 Veg og gateutforming frå Statens Vegvesen.

Det skal etablerast høye for å snu innanfor formålet.

Det er tillate å etablere midlertidig veg for tilkomst inn i formålet for masseuttak.

3.3 Landbruks-, natur- og friluftsformål samt reindrift

3.3.1 Landbruks-, natur- og friluftsformål (5100)

Området på utsida av masseuttaket skal haldast ryddig.

Området skal setjast i stand fortløpende etter som drifta av deler av masseuttaket er avslutta.

Det skal leggast vekt på bevaring av eksisterande vegetasjon og eventuell supplering av denne ved planting.

4. Omsynssoner

4.1 Sikringssone – frisikt

Innanfor frisiktsona ved vegkryss er det ikkje lov å ha sikthindrande gjenstander høgare enn 50 cm over vegbana. Frisiktsona er regulert til 100 meter.

4.2 Faresone- Ras og skredfare

Faresone for skred (1/100), omfattar skravert område på plankartet.

4.3. Sikringssone veg

Det skal etablerast ei sikringssone langs vegen på 5 meter.